



Norges vassdrags- og energidirektorat, NVE v/NVE Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO  
Høyringsfråsegn

**Vår ref:**  
24/1219- MM

**Dykkar ref.**  
Saksnr. 202209503

**Dato:**  
31.01.2024

## **Høyringsuttale frå Bremanger kommune - konsesjonspliktvrdering Øksnelvane kraftverk i Ålfoten**

Viser til høyringsdokument mottekne 17.10.2023 og 20.11.2023, og stadfesting på utsett uttalefrist 04.12.2023.

Kommunestyret i Bremanger har handsama saka i møte den 25.01.2024 09:00, sak 003/24, og har fylgjande uttale til melding om konsesjonspliktvrdering for opprustinga/utvidinga av Øksnelvane kraftverk:

**Bremanger kommune er positiv til tiltaket, og under visse føresetnader vurderer vi at tiltaket ikkje vil råke dei allmenne interessene i vesentleg grad. Vi meiner det skal stillast krav om at overskotsmassane frå prosjektet vert nytta til samfunnsnyttige føremål, og ikkje lagt i sjødeponi. Vi legg elles til grunn at alle nye inngrep blir avgrensa så godt som råd, og at det blir stilt krav om god estetisk utforming og terrengtilpassing for alle tekniske anlegg.**

**Dersom det er råd å ivareta desse omsyna utan konsesjonshandsaming har vi ikkje synspunkt på eventuell konsesjonsplikt.**

**Kommunen forutset at vi får dispensasjonssøknad til handsaming for alle tiltak som er i strid med planføremålet eller forbodet mot tiltak i strandsona, og at vi gjennom dette får gjort ei nærare vurdering av dei aktuelle deponiområda og kva som eventuelt kan godkjennast.**

**Kommunen ber NVE vurdere om det bør gjerast ei kartlegging av naturmiljøet langs elva mellom magasinet og fjorden, og i kva grad opprustinga/utvidinga vil påverke elva som landskapselement.**

**Tiltakshavar bør ha tett dialog med Bremanger kommune og Ålfoten Grendautval om bruk av overskotsmasse og om vegstandard og trafikktryggleik på den kommunale vegen i samband med opprustings- /utvidingsprosjektet. Kommunen forutset at tiltakshavar og prosjektet vil lytte til lokale innspel og bidra til verdiskaping og vekst i lokalsamfunnet i Ålfoten. Det er spesielt viktig for kommunen og lokalsamfunnet at det**

**Adresse**  
Rådhuset, Postboks  
104,  
6721 Svelgen

**Telefon**  
57 79 63 00

**Org. nr**  
959 318 166  
**Bankkontonr:**  
3776 07  
50035

**E-post postmottak:**  
post@bremanger.kommune.no  
**E-post sakshandsamar:**  
magnhild.myklebust@bremanger.kommune.no

**Internett**  
www.bremanger.kommune.no

**gjennom anleggsperioden vert teke omsyn til at bygdevegen også er ein skuleveg. Etter at anleggsperioden er over, er det ønskjeleg at den kommunale vegen gjennom Ålfoten vert sett tilbake til minst like god tilstand som den er i dag.**

Helsing

Magnhild Myklebust  
Leiar plan og forvaltning

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*



# Bremanger kommune

**JournalpostID:** 24/610  
**Sakshandsamar:** Magnhild  
Myklebust  
**Dato:** 16.01.2024

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
003/24	Kommunestyret	25.01.2024

### Høyringsuttale - konsesjonspliktvrdering av opprusting/utviding av Øksenelvane kraftverk i Ålfoten

#### Vedlegg:

2023-11-20 Øksenelvane kraftverk Melding Konsesjonsavklaring

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bremanger kommune har fylgjande uttale til melding om konsesjonspliktvrdering for opprusting/utvidinga av Øksenelvane kraftverk:

Bremanger kommune er positiv til tiltaket, og under visse føresetnader vurderer vi at tiltaket ikkje vil råke dei allmenne interessene i vesentleg grad. Vi meiner det bør stillast krav om at overskotsmassane frå prosjektet vert nytta til samfunnsnyttige føremål, og ikkje lagt i sjødeponi. Vi legg elles til grunn at alle nye inngrep blir avgrensa så godt som råd, og at det blir stilt krav om god estetisk utforming og terrengtilpassing for alle tekniske anlegg.

Dersom det er råd å ivareta desse omsyna utan konsesjonshandsaming har vi ikkje synspunkt på eventuell konsesjonsplikt.

Kommunen forutset at vi får dispensasjonssøknad til handsaming for alle tiltak som er i strid med planføremålet eller forbodet mot tiltak i strandsona, og at vi gjennom dette får gjort ei nærare vurdering av dei aktuelle deponiområda og kva som eventuelt kan godkjennast.

Kommunen støttar elles Statsforvaltaren i Vestland sin uttale om at det bør gjerast ei kartlegging av naturmiljøet langs elva mellom magasinet og fjorden, og at det bør vurderast nærare i kva grad opprustinga/utvidinga vil påverke elva som landskapselement.

Tiltakshavar bør ha dialog med Bremanger kommune om bruk av overskotsmasse og om vegstandard og trafikktryggleik på den kommunale vegen i samband med opprustings-/utvidingsprosjektet.

#### Bakgrunn for saka:

Kommunen mottok 17.10.2023 høyringsbrev frå NVE om melding om konsesjonspliktvrdering av opprusting/utviding av Øksenelvane kraftverk i Bremanger kommune. I etterkant av at meldinga vart sendt på høyring har SFE Produksjon AS kome ønske om å endre hovudalternativet i søknaden, og NVE sende endra melding om konsesjonspliktvrdering til uttale 20.11.2023. NVE vil ta begge alternativa til

konsesjonspliktavurdering. Kommunen har fått utsett frist til 31.01.2024 for å gje uttale til meldinga.

### **Kommunestyret 25.01.2024:**

#### **Handsaming:**

Forslag frå SP, foreslått av Øyvind Heimtun, VenstreSenterpartiet

Vi foreslår følgande:

Dersom det er råd å ivareta omsyna nevnt over, utan konsesjonshandsaming stiller kommunen seg positiv til at tiltaket blir gjennomført utan ny konsesjonshandsaming.

Kommunen meiner at påverknaden av opprustinga/utvidinga på allmenne interesser i hovudsak vil være knytta det landskapsmessig, sett frå fjorden, ved at det vert enda færre dagar med overløp i elva i høve tidlegare. Landskapet er allereie påverka, ved at det berre sporadisk er overløp i elva, og ein ytterlegare reduksjon vil ikkje medføre større ulemper.

Tiltakshavar bør ha dialog med Bremanger kommune om lagring og bruk av overskotsmasse og om vegstandard og trafikktryggleik på den kommunale vegen i samband med opprustings- /utvidingsprosjektet.

Felles framlegg frå partia, foreslått av Svein Olav Senneset, Venstre

Bremanger kommune har fylgjande uttale til melding om konsesjonspliktavurdering for opprustinga/utvidinga av Øksnelvane kraftverk:

Bremanger kommune er positiv til tiltaket, og under visse føresetnader vurderer vi at tiltaket ikkje vil råke dei allmenne interessene i vesentleg grad. Vi meiner det bør stillast krav om at overskotsmassane frå prosjektet vert nytta til samfunnsnyttige føremål, og ikkje lagt i sjødeponi. Vi legg elles til grunn at alle nye inngrep blir avgrensa så godt som råd, og at det blir stilt krav om god estetisk utforming og terrengtilpassing for alle tekniske anlegg.

Dersom det er råd å ivareta desse omsyna utan konsesjonshandsaming har vi ikkje synspunkt på eventuell konsesjonsplikt.

Kommunen forutset at vi får dispensasjonssøknad til handsaming for alle tiltak som er i strid med planføremålet eller forbodet mot tiltak i strandsona, og at vi gjennom dette får gjort ei nærare vurdering av dei aktuelle deponiområda og kva som eventuelt kan godkjennast.

Kommunen ber NVE vurdere om det bør gjerast ei kartlegging av naturmiljøet langs elva mellom magasinet og fjorden, og i kva grad opprustinga/utvidinga vil påverke elva som landskapselement.

Tiltakshavar bør ha tett dialog med Bremanger kommune og Ålfoten Grendautval om bruk av overskotsmasse og om vegstandard og trafikktryggleik på den kommunale vegen i samband med opprustings- /utvidingsprosjektet. Kommunen forutset at tiltakshavar og prosjektet vil lytte til lokale innspel og bidra til verdiskaping og vekst i lokalsamfunnet i Ålfoten. Det er spesielt viktig for kommunen og lokalsamfunnet at det gjennom anleggsperioden vert teke omsyn til at bygdevegen også er ein skuleveg. Etter at anleggsperioden er over, er det ønskeleg at den kommunale vegen gjennom Ålfoten vert sett tilbake til minst like god tilstand som den er i dag.

Nytt felles framlegg frå partia, foreslått av Svein Olav Senneset, Venstre  
Bremanger kommune har fylgjande uttale til melding om konsesjonspliktvrdering for opprustinga/utvidinga av Øksnelvane kraftverk:

Bremanger kommune er positiv til tiltaket, og under visse føresetnader vurderer vi at tiltaket ikkje vil råke dei allmenne interessene i vesentleg grad. Vi meiner det skal stillast krav om at overskotsmassane frå prosjektet vert nytta til samfunnsnyttige føremål, og ikkje lagt i sjødeponi. Vi legg elles til grunn at alle nye inngrep blir avgrensa så godt som råd, og at det blir stilt krav om god estetisk utforming og terrengtilpassing for alle tekniske anlegg.

Dersom det er råd å ivareta desse omsyna utan konsesjonshandsaming har vi ikkje synspunkt på eventuell konsesjonsplikt.

Kommunen forutset at vi får dispensasjonssøknad til handsaming for alle tiltak som er i strid med planføremålet eller forbodet mot tiltak i strandsona, og at vi gjennom dette får gjort ei nærare vurdering av dei aktuelle deponiområda og kva som eventuelt kan godkjennast.

Kommunen ber NVE vurdere om det bør gjerast ei kartlegging av naturmiljøet langs elva mellom magasinet og fjorden, og i kva grad opprustinga/utvidinga vil påverke elva som landskapselement.

Tiltakshavar bør ha tett dialog med Bremanger kommune og Ålfoten Grendautval om bruk av overskotsmasse og om vegstandard og trafikktryggleik på den kommunale vegen i samband med opprustings- /utvidingsprosjektet. Kommunen forutset at tiltakshavar og prosjektet vil lytte til lokale innspel og bidra til verdiskaping og vekst i lokalsamfunnet i Ålfoten. Det er spesielt viktig for kommunen og lokalsamfunnet at det gjennom anleggsperioden vert teke omsyn til at bygdevegen også er ein skuleveg. Etter at anleggsperioden er over, er det ønskjeleg at den kommunale vegen gjennom Ålfoten vert sett tilbake til minst like god tilstand som den er i dag.

Magne Kjerpeset, Sp: Ber om gruppeleiar møte.

Svein Olav Senneset, V: Gruppemøtet kom fram til eit felles framlegg til vedtak.

Leo Cirotzki, Ap: Vilkår at det ikkje skal dumpast noko masse i Nordfjorden, massa skal brukast eller lagrast. Dette er ei stor utbygging - ber om at utbyggjar møter i neste kst møte for å orientere om prosjektet

Kjell Sørland, INP - må vere klare når det gjeld deponi av masse, at den ikkje skal dumpast i Nordfjorden.

Alle partia støtta dette.

Øyvind Heimtun, Sp - Senterpartie trekk sine framlegg til vedtak.

Det vart lagt fram felles framlegg frå alle partia.

Det vart røysta for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak opp mot felle framlegg frå alle partia.

Felles framlegg frå partia vart samrøytes vedteke.

#### **KST- 003/24 Vedtak:**

#### **Samrøystes vedtak:**

**Bremanger kommune har fylgjande uttale til melding om konsesjonspliktvrdering for opprustinga/utvidinga av Øksnelvane kraftverk:**

**Bremanger kommune er positiv til tiltaket, og under visse føresetnader vurderer vi at tiltaket ikkje vil råke dei allmenne interessene i vesentleg grad. Vi meiner det skal stillast krav om at overskotsmassane frå prosjektet vert nytta til samfunnsnyttige føremål, og ikkje lagt i sjødeponi. Vi legg elles til grunn at alle nye inngrep blir**

avgrensa så godt som råd, og at det blir stilt krav om god estetisk utforming og terrengtilpassing for alle tekniske anlegg.

Dersom det er råd å ivareta desse omsyna utan konsesjonshandsaming har vi ikkje synspunkt på eventuell konsesjonsplikt.

Kommunen forutset at vi får dispensasjonssøknad til handsaming for alle tiltak som er i strid med planføremålet eller forbodet mot tiltak i strandsona, og at vi gjennom dette får gjort ei nærare vurdering av dei aktuelle deponiområda og kva som eventuelt kan godkjennast.

Kommunen ber NVE vurdere om det bør gjerast ei kartlegging av naturmiljøet langs elva mellom magasinet og fjorden, og i kva grad opprustinga/utvidinga vil påverke elva som landskapselement.

Tiltakshavar bør ha tett dialog med Bremanger kommune og Ålfoten Grendautval om bruk av overskotsmasse og om vegstandard og trafikktryggleik på den kommunale vegen i samband med opprustings- /utvidingsprosjektet. Kommunen forutset at tiltakshavar og prosjektet vil lytte til lokale innspel og bidra til verdiskaping og vekst i lokalsamfunnet i Ålfoten. Det er spesielt viktig for kommunen og lokalsamfunnet at det gjennom anleggsperioden vert teke omsyn til at bygdevegen også er ein skuleveg. Etter at anleggsperioden er over, er det ønskjeleg at den kommunale vegen gjennom Ålfoten vert sett tilbake til minst like god tilstand som den er i dag.

#### **Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:**

Vassressurslova

#### **Saksopplysningar:**

Eksisterande Øksenelvane kraftverk består av to aggregat (sett i drift i 1953 og 1955). Kraftverket, som er utrusta med to peltonaggregat på totalt 28MW og ei slukeevne på 8,8 m<sup>3</sup>/s, utnyttar eit fall på 390 meter mellom Store Øksendalsvatn og Nordfjorden. Inntaksmagasinet er regulert mellom kote 340 og kote 389,70, og det er fleire regulerte magasin og to småkraftverk oppstrøms inntaket. Kraftverka er samkørde med tanke på optimal utnytting av vassressursen. Gjennomsnittleg årsproduksjon i kraftverket er 153 GWh. Det er behov for omfattande rehabilitering, både av kraftstasjonen og vassvegen, dersom kraftverket skal kunne haldast i vidare drift. Falltapet i dagens vassveg er også høgt. På grunn av kostnaden med det omfattande rehabiliteringsarbeidet, og behov for nedstenging i samband med gjennomføringa, er det konkludert med at det beste og mest økonomiske tiltaket er å utnytte restlevetida på eksisterande kraftverk og å ruste opp anlegget ved å bygge ny vassveg og kraftstasjon parallelt med eksisterande anlegg. Det omsøkte hovudalternativet inneber bygging av ny vassveg og nytt inntak i Store Øksendalsvatn, og ny kraftstasjon i fjell med total installert effekt på ca. 110 MW og ei slukeevne på 32 m<sup>3</sup>/s, basert på to like peltonaggregat. Det vert også vurdert eit redusert alternativ, der kraftstasjonen vert utrusta med eitt aggregat på 55 MW med slukeevne 16 m<sup>3</sup>/s, men at stasjonen også vert tilrettelagt for seinare utviding. Vassvegen og inntaket i Store Øksendalsvatn vil vere lik for begge alternativa. Gjennomføringa av tiltaket vil heller ikkje medføre endring i tilsiget til inntaksmagasinet, nye overføringar eller endringar av reguleringsgrensene. Det nye kraftverket er berekna å gje ein produksjonsauke på ca. 20 GWh. Kraftverket er vidare tenkt koplå til 132kV-nettet med kabel til Lunden Transformatorstasjon, ca. 300 meter frå påhogget. Ny kraftstasjon vil verte plassert om lag 500 m inn i fjell og vassvegen er planlagt utført som råsprengt tunnel med lengde ca. 2000 m frå

kraftstasjonen og opp til inntaket i Store Øksendalsvatn. Av nye permanente inngrep er det berre nytt lukehus ved Store Øksendalsvatn, portalområde ved fjorden og eventuelle deponi som vil vere synleg for ålmenta. Tunneldrifta vil gje om lag 260 000 m<sup>3</sup> lausmasse. Delar av massane frå tunneldringa er tenkt nytta til opparbeiding av plass i framkant av portal/tilkomsttunnelen til ny kraftstasjon. Overskotsmassane er elles tenkt nytta til etablering av eit friområde i Lunden (ved dei gamle maskinist-bustadane), og til utbetringar av den private tilkomstvegen til Lunden. Massar tiltakshavar ikkje får nytta til samfunnsnyttige føremål i nærområdet er planlagt deponerte i Nordfjorden like ved tunnel-påhogget.

Vassføringa i elva nedstraums inntaksdammen er ikkje planlagt å endre. Det er ikkje krav om minstevassføring i dagens konsesjon. Tal dagar med overløp frå dammen er, på grunn av høg reguleringsgrad i vassdraget, lågt i dag, og auken i slukeevne vil redusere tal dagar med overløp ytterlegare.

SFE vurderer i meldinga at nye inngrep som påverkar terreng og ytre miljø i vassdraga er marginale, og at naturmangfald, landskap, brukarinteresser og registrerte kulturminne ikkje vert påverka av opprustingstiltaket. Dei kan ikkje sjå at opprustingstiltaket er i konflikt med offentlege planar eller nasjonale føringar.

Statsforvaltaren i Vestland skriv i si fråsegn at dei meiner at naturmiljøet langs elva mellom magasinet og fjorden bør kartleggjast og at landskapsopplevinga av elva sett frå fjorden også bør vurderast nærare.

Vestland fylkeskommune har ikkje avgjerande merknader til utbetringa når det gjeld omsynet til automatisk freda kulturminne, men ser ikkje bort frå at det kan vere slike kulturminne i området og gjer merksam på tiltakshavar sitt ansvar etter kulturminnelova. Fylkeskommunen har heller ikkje avgjerande merknader til tiltaket i høve innlandsfisk og ferskvassorganismar, men minner om at vedtaksmyndet må gjere ei fagleg vurdering etter vassforskrifta.

NVE ønskjer kommentarar og innspel frå kommunen i høve til allmenne interesser som kan bli råka av dei to alternativa, og som eventuelt kan utløyse konsesjonsplikt for eitt eller begge alternativ.

SFE fekk i 2013 vurdert konsesjonsplikt for etablering av ny vassveg og ny kraftstasjon i Øksenelvane. NVE vurderte då at tiltaket ikkje var konsesjonspliktig.

### **Vurdering:**

Dei gjeldande konsesjonane for Øksendalsvatnet er 65 og 57 år, og gjevne i den perioden konsesjonar var gjeve «evigvarande». Konsesjonsvilkåra har ikkje vore reviderte, og i gjennomgangen av vasskraftskonsesjonar er Øksendalselv gjeve lågare prioritet (vassdrag med middels potensial for forbetring av viktige miljøverdiar, og med antatt større krafttap, samanlikna med vassdrag i høgste prioriteringskategori, i høve til forventa miljøgevinst), jf. rapport 49/13 «Nasjonal gjennomgang av vannkraftkonsesjoner».

Nytt lukehus vil komme vest for byggjeområdet som er avsett for Øksendalsdam-anlegget i gjeldande arealdel til kommuneplanen, og ligg såleis i LNF-område der friluftsliv er dominerande. Portalområdet og planlagde deponiområde ved ny kraftstasjon og i Lunden har føremål LNF (landskap, natur og friluftsliv) på land og FFNF (sjø og vassdrag til allmenn fleirbruk) i sjø. Planlagt deponi ved Åskora har føremål «anna byggjeområde» på land, men sidan det ikkje er definert byggjegrense vil tiltaksforbodet i strandsona vere gjeldande. I sjø er føremålet FFNF her også. Dette området ligg også nær elveos, og eventuelle ulemper og vilkår/avgrensingar knytt til dette må vurderast nærare. Alle tiltaka vil såleis krevje dispensasjon frå arealplan, og for eventuelle sjøfyllingar også frå forbodet mot tiltak i 100 m-sona langs sjø, og kommunen får då dispensasjonssøknadane til handsaming. Ein har då høve til å setje vilkår og avgrensingar for å sikre at planføremåla og dei allmenne interessene

som forbodet mot tiltak i strandsona skal ivareta ikkje vert sett vesentleg tilside, og at fordelane med tiltaka vert større enn ulemperne.

Påverknaden av opprustinga/utvidinga på allmenne interesser vil i hovudsak vere landskapsmessig, sett frå fjorden, ved at det vert enda færre dagar med overløp i elva i høve tidlegare. Landskapet er allereie påverka, ved at det berre sporadisk er overløp i elva, og ein ytterlegare reduksjon vil ikkje medføre større ulemper. Landskapsverknadane av nytt lukehus og portal for kraftstasjonen vil vere små, og i eit område som allereie er sterkt prega av utbygging. Påverknaden på friluftsiinteressene er såleis vurdert som små, forutsett at dei nye inngrepa blir avgrensa så godt som råd, og at det blir stilt krav om god estetisk utforming og terrengtilpassing for alle tiltaka.

Av meldinga går det fram at restmassane frå tunneldrivinga, etter planlagde sjøfyllingar i Lunden og ved portalområdet og vegutbetringar av den private vegen, skal deponerast i sjø. Sjødeponi vil ikkje ha nokon samfunnsmessig verdi, og det vil heller ikkje vere råd å ta att massane til anna bruk seinare. Massane bør i størst mulig grad nyttast til samfunnsnyttige føremål. Planlagt deponi ved Lunden vil kunne nyttast av allmenta som friområde etter avslutta anleggsperiode, og vil såleis vere positivt for allmenta. I den grad det ikkje er samfunnsnyttige tiltak i nærområdet å nytte massane til, bør det leggjast masse i mellombels deponi, slik at den kan takast att seinare ved behov.

Dei største ulemperne for allmenta vil vere knytt til anleggsperioden. Sjølv om ein del av transporten vil gå sjøvegen, vil tiltaket medføre vesentleg auka anleggstrafikk og trafikk gjennom Ålfoten. Den kommunale vegen gjennom Ålfoten har dårleg standard, spesielt på strekninga frå Ålfottunet til krysset til Lundavegen. Stor trafikkbelastning på denne vil forverre tilstanden ytterlegare. Trafikkauken vil også komme på strekning som er skuleveg, i hovudsak utan fortau eller gang-/sykkelveg. Vegen er smal mange stader, og det kan skape trafikkfarlege situasjonar når køyretøya passerer fotgjengarar og syklistar. Overskotsmassane frå tunneldrivinga vil vere eigna til vegutbetringstiltak, og i samband med opprustings-/utvidingstiltaket bør tiltakshavar vere forplikta til å bidra til ei betring av den offentlege vegen og trafikksituasjonen gjennom bygda. Vi kan likevel ikkje sjå at desse tilhøva vil bli betre sikra gjennom ei eventuell konsesjonshandsaming.

Eventuelle ulemper for naturmangfaldet er omtala og vurdert i Statsforvaltaren si fråsegn, og vert difor ikkje vurdert ytterlegare i kommunen si fråsegn.

Kommunen vurderer det som positivt at det vert gjort tiltak som aukar energiutnyttinga av eit allereie utbygt vassdrag, utan større synlege inngrep. Høvet til effektkøyring og utnytting av restlevetida av eksisterande kraftstasjon vil også vere positivt for den totale kraftsituasjonen.

Forutsett at det er mulig å sikre ei forsvarleg gjennomføring av planane og ivareta dei allmenne interessene utan konsesjonshandsaming, har ikkje kommunen merknader til eventuell konsesjonsplikt.